

# Plan og designkonkurransen for Nysæter ungdomsskule

23.10.2017

Av: Haldis Lauksund

Publisert: 04.10.2017 10:59

Oppdatert: 04.10.2017 11:09

## Plan og designkonkurransen for Nysæter ungdomsskule

**Det er no vald deltakarar i plan og designkonkurransen for Nysæter ungdomsskule med fleirbrukshall.**

Stord kommune har invitert til begrensa plan- og designkonkurransen for Nysæter ungdomsskule med fleirbrukshall.

Frist for levering av søknad om deltaking i konkurransen var sett til onsdag 20. september 2017 kl 12.00. Innan fristen var det levert 19 søknader.

Av desse søknadane skal det veljast ut 5 arkitektkontor til deltaking i konkurransen.

Utvelging av deltakarar i konkurransen er basert på kunnngjorde kriterier med mellom anna røynsle med prosjektering av ungdomsskular dei siste 5 åra, soliditet, kapasitet, fagleg kompetanse og oppgåveforståing.

Basert på overfor nemnte kriterier er følgjande arkitektkontor valt ut til å delta i konkurransen:

- Arkitektene VIS-A-VIS AS, Trondheim
- L2 arkitekter AS Oslo
- Arkipartner AS Stavanger
- Og Arkitekter AS, Bergen
- ABO plan & arkitektur/JK. Arkitektur AS, Os, Stord

Det vert møte og synfaring med dei utvalde arkitektkontora fredag 6. oktober 2017.

**Frist for innlevering av utkast er sett til 30. november 2017.**

Dei innkomne forslaga skal bedømmast av ein jury med personar frå administrasjonen, tillitsvalde, ein person frå komite for oppvekst og utdanning, ein person frå IL Solid og to eksterne sivilarkitekter oppnemnt av arkitektforeningen (NAL).